

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Bergen HF

**DATO:** 14.03.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Økonomi- og finansdirektør Kristin Pundsnes  
**SAKA GJELD:** **Årsmeldinga og årsrekneskapen for 2017**

**STYRESAK:** 31/18 A

**STYREMØTE:** 22.03.2018

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Bergen HF vedtek årsmeldinga og årsrekneskapen for 2017.
2. Årsmeldinga og årsrekneskapen for 2017 skal leggjast fram for føretaksmøtet.

## Bakgrunn

Rekneskapspliktige skal kvart rekneskapsår utarbeide årsrekneskap og årsmelding i samsvar med føresegnene i rekneskapslova. Styret si årsmelding for verksemda i 2017 er utarbeidd i samsvar med dette.

Rekneskapslova set krav til kva for område av verksemda som skal omtalast i årsmeldinga, og Helse Bergen skal gje opplysningar om:

- Kva type verksemd føretaket driv med
- Kvar føretaket blir drive
- Forskings- og utviklingsfaktorar
- Opplysningar om miljø- og personalsaker
- Arbeidsmiljøet
- Skadar og ulykker
- Sjukefråvær
- Likestilling
- Tiltak for å fremje føremålet i diskrimineringslova og i diskriminerings- og tilgjengelegheitslova
- Ytre miljø
- Oversikt over utvikling og resultatet
- Sentrale risikoar og usikkerheitsfaktorar
- Finansielle og ikkje finansielle resultatindikatorar

## Kommentarar

Det følgjer av Helseføretakslova at styret si årsmelding skal godkjennast av føretaksmøtet.

Helse Bergen sin rekneskap for 2017 viser eit rekneskapsmessig overskot på 87,7 millionar kroner.

## Konklusjon

Styret i Helse Bergen vedtek og skriv under årsmeldinga og årsrekneskapen for 2017. Årsmeldinga og årsrekneskapen for 2017 vert lagt fram for føretaksmøtet.